

# Kinn kommune

## KVALITETSRAPPORT

### Brukarundersøking omsorgstenester

Institusjon, heimeteneste og heildøgnsbemanna omsorgsbustad.



Kinn  
kommune

Hausten 2025

Helse og velferd – institusjon, heimeteneste og heildøgnsbemanna omsorgsbustad.

# Kvalitetsrapport – brukarundersøking omsorgstenester hausten 2025

## 1. Samandrag

Undersøkinga viser gjennomgåande høg tilfredsheit med tenestene. Tryggleik, respektfull behandling, tilgjengelegheit til personale og total tilfredsheit skårar best. Fysisk helse og sosial kontakt/aktivitet har noko større spreiding. Teknologi er svært utbreidd (92 % nemner minst ei løysing), og tryggleiksalarm/alarm er klart mest brukt. Dei fleste mottar helsehjelp/omsorg og praktisk bistand, medan ein mindre del får fysio-/ergoterapi og matombringning. Frivillige tilbod, særleg Lev Vel og Røde Kors, er viktige supplement for fleire brukarar.

## 2. Bakgrunn og metode

Formålet med brukarundersøkinga er å få systematisk kunnskap om brukarar sine erfaringar med omsorgstenestene i Kinn kommune og bruke dette i kontinuerleg kvalitetsutvikling. Svar er registrerte med lokasjon Florø (n=142) og Måløy (n=106), samt 5 utan lokasjon. Dette er kommunal akutt døgnplass, og at brukaren var lokalisert i systemet som inneliggjande på sjukehus. Institusjonsresultat er samla for Kinn.

Spørsmåla til brukarane var utforma med basis i tidlegare gjennomførte undersøkingar, men med reduksjon av tal spørsmål, samt tydeleggjering av spørsmåla. Endringane er basert på erfaringar frå tidlegare år, der mange brukarar finn det vanskeleg med mange spørsmål. Spørsmåla til brukarane ligg i rapporten som vedlegg. Undersøkinga blei gjennomført i dei tre fyrste vekene i oktober 2025. For gjennomføring blei det nytta Imatis, eit digitalt samhandlingsverktøy som Kinn Helse og velferd nyttar. Dette er første gang, og ein innovasjon i brukarundersøkinga. Det vart hovudsakleg nytta elevar/lærlingar/studentar i tenestene for gjennomføring av undersøkinga. Dei nytta CosDoc mobilane til å registrere svara rett inn i Imatis, noko som gjorde uttrekk til bearbeiding av resultatane enklare.

Her nokre bilde som visar korleis registreringa vart gjort på mobil og korleis Imatis tavla oppsummerte undersøkinga.

GEOGRA...	OPPHOLD	NAVN	K/A	SONE	INFO	AVTALER	SKJEMA	UTFYLT DATO	MINE SKJEMA						
Florø		Testesen, Test	M / 72	KROK		Brukarundersøking 28.11.25 12:04		22.08.25	Ragnhild Olsen Holm						
GEOGRA...	OPPHOLD	K/A	SONE	ARNA HJELP	FRIVILLIGE/SA...	NOTAT FRIVILLIGE M.V.	TEKNOLOGI	TEKNOLOGISKE LØY...	FYSISK HELSE	PSYKISK HELSE	TRYGGELEIK	AVTALER	SØKJEHJELP	ERBERING	HELVÅRSTETT OG...
Florø		M...	HAVR	✓ Mykje hjelp frå famili...	✗ Nei	Ingen	✓ Ja	Alarm	😊 God	😊 God	😊 Enig	😊 Enig	😊 Enig	😊 Enig	😊 Enig
Florø		M...	SENT	✗ Noko hjelp frå familie...	✗ Nei	-	✓ Ja	Trygghetsalarm	😊 Sånn passe	😊 God	😊 Enig	😊 Enig	😊 Enig	😊 Enig	😊 Enig
Måløy		K...	INST	✓ Mykje hjelp frå famili...	✓ Ja	Røde Kors	✓ Ja	Trygghetsalarm	😊 Dåleg	😊 Sånn...	😊 Enig	😊 Delvis enig	😊 Enig	😊 Enig	😊 Enig
Måløy		K...	MHT	✗ Noko hjelp frå familie...	✗ Nei	Veit ikkje noko om det	✓ Ja	Trygghetsalarm, evendos	😊 Dåleg	😊 Sånn...	😊 Enig	✗ Ikkje rele...	😊 Enig	😊 Enig	😊 Enig
Måløy		K...		✓ Mykje hjelp frå famili...	✗ Nei	Ingen	✗ Nei	Ingen	😊 God	😊 God	😊 Enig	😊 Enig	😊 Enig	😊 Enig	😊 Enig

Testesen, Test 02085305312 A.S

Brukarundersøking

OPPHOLD \*

Sykehjem

K/A \*

02085305312

ANNA HJELP \*

Hjelp frå familie / andre

Mykje hjelp frå familie/ andre

Noko hjelp frå familie/ andre

Ingen hjelp frå familie / andre

FIVILLEGE/ SAMF.KOORDINATOR \*

Her tilbod via frivillege/ samfunnskoordinator ( lag og organisasjonar t.d. røde kors, eller enkeltpersonar, arrangement)

\* OBLIGATORISKE F...

OK AVBRYT

Tilbake Hjem

Testesen, Test 02085305312 A.S

Brukarundersøking

KODOTRESSKIPPAR

TILFRETSHEIT \*

Alt i alt er eg fornøgd/ tilfreds med den hjelpa eg får

Enig

Delvis enig

Uenig

X Ikkje relevant / ingen meining

UTFYLT DATO \*

20.05.2025

FJERN

SKJEMAANSVARLEG \*

Anita Solvang

\* OBLIGATORISKE F...

OK AVBRYT

Tilbake Hjem

### 3. Resultat 2025 – skala-spørsmål

#### 3.1 Snitt per tema i undersøkinga, og lokasjon.

1 er beste skår. 3 er svakaste skår i målinga.

Tema	Florø	Måløy	Totalt
Høflegheit og respekt	1,10	1,04	1,08
Tilgjengeligheit	1,10	1,06	1,08
Tryggleik	1,11	1,07	1,09
Tilfretsheit	1,12	1,06	1,09
Teknologi	1,11	1,08	1,10
Sjølv-hjelp	1,14	1,26	1,19
Avtaler	1,22	1,25	1,23
Ernæring	1,25	1,25	1,25
Utføring av hjelp	1,33	1,19	1,27
Psykisk helse	1,54	1,22	1,40
Sosial kontakt	1,59	1,32	1,48

<b>Primær- kontakt koordinator</b>	1,49	1,71	1,58
<b>Frivillege/ samf.koordinator</b>	1,65	1,66	1,65

### Kort tolking

Resultata for 2025 viser svært høg tilfredsheit på kjerneområde. Dei beste skåra (lågast snitt) finn vi i høflegheit og respekt, tilgjengelegheit, tryggleik, tilfredsheit og teknologi. Dette betyr at brukarane i stor grad opplever trygge, respektfulle og forutsigbare tenester, og at teknologiske løysingar fungerer godt som del av tilbodet.

Dei høgaste snitta (svakast vurderte tema) er frivillige/ primærkontakt/koordinator, sosial kontakt og eigenvurdering på psykisk helse. Dette samsvarer med trendbiletet frå 2020 og 2023, der primærkontakt-ordninga og sosial deltaking peikar seg ut som dei mest stabile forbetningsområda.

### Florø vs. Måløy

Skilnadene mellom lokasjonane er små på kjerneområda. Likevel ser vi nokre avvik: Måløy skårar betre enn Florø på eigenvurdering av psykisk helse, sosial kontakt og utføring av hjelp. Florø skårar betre enn Måløy på primærkontakt/koordinator og hjelp til sjølv-hjelp. Dette kan tyde på at Måløy har særleg forbetningsbehov knytt til primærkontaktfunksjonen, medan Florø har større utfordringar knytt til sosial deltaking og psykisk meistring.

### Tilrådde oppfølgingsområde


Primærkontakt/koordinator: høgast snitt totalt og klart svakare i Måløy. Bør styrkast med tydeleg informasjon, rutinar og synleggjering.

Sosial kontakt og aktivitet: nest høgaste snitt i Florø. Tiltak bør særleg målrettast mot Florø/institusjon.

Psykisk helse: Florø skårar merkbart svakare. Bør sjåast i samanheng med aktivitet, fellesskap og rehabilitering.

Frivillige/samfunnskoordinator: høgt snitt i begge lokasjonar – Viktig med kontinuerleg behov for koordinering, relevans eller informasjon om tilbod.


Figur 1: Snitt per tema 2025 (gyldige svar 1–3).



### 3.2 Fordeling av svar per tema (karakter 1 til 3, der 1 er mest positiv)

Tema	0 ikkje relevant (i %)	1 (i %)	2 (i %)	3 (i %)
<b>Høflegheit og respekt</b>	1,6	90,8	7,2	0,4
<b>Tilgjengelegheit</b>	4,8	88,0	6,4	0,8
<b>Tryggleik</b>	0,4	92,0	6,0	1,6
<b>Tilfredsheit</b>	0,8	90,8	7,6	0,8
<b>Teknologi</b>	0,0	90,3	9,7	0,0
<b>Sjølvs-hjelp</b>	6,0	78,2	13,3	2,4
<b>Avtalar</b>	26,2	61,3	7,7	4,8
<b>Ernæring</b>	19,8	64,9	10,5	4,8
<b>Utføring av hjelp</b>	6,5	75,0	12,1	6,5
<b>Psykisk helse</b>	0,4	67,1	25,3	7,2
<b>Sosial kontakt</b>	4,8	63,3	18,1	13,7
<b>Primær- kontakt koordinator</b>	0,8	41,2	58,0	0,0
<b>Fivillege/ samf.koordinator</b>	0,0	34,7	65,3	0,0
<b>Anna hjelp</b>	0,0	35,9	49,2	14,9
<b>Fysisk helse</b>	0,4	32,9	48,2	18,5

Figur 3: Fordeling av svar per tema 2025 (0–3).



### 3.3 Ikkje relevant (karakter 0) – omfang per tema

Det som brukarane har meldt om ikkje er relevant for dei fordeler seg over desse tema:

Tema	Florø n	Måløy n
Høflighet og respekt	1	2
Tilgjengelig heit	4	7
Tryggleik	0	0
Tilfretsheit	0	1
Teknologi	0	0
Sjølv-hjelp	11	4
Avtaler	35	30
Ernæring	32	17
Utføring av hjelp	13	3
Psykisk helse	0	0
Sosial kontakt	5	7
Primær- kontakt koordinator	0	0
Fivillege/ samf.koordinator	0	0
Anna hjelp	0	0
Fysisk helse	0	0

### 3.4 Egenvurdering av psykisk og fysisk helse

Fleirtalet vurderer både psykisk og fysisk helse som «god». Samtidig er det fleire som vurderer fysisk helse som «sånn passe» eller «dårleg» enn det som gjeld psykisk helse. Dette kan tyde på at fysiske helseutfordringar i større grad påverkar kvardagen, og bør sjåast i samheng med funn knytt til aktivitet, rehabilitering og behov for fysio-/ergoterapi.

Svaralternativ	Psykisk helse – tal brukarar	Fysisk helse – tal brukarar
<b>God</b>	82	167
<b>Sånn passe</b>	120	63
<b>Dårleg</b>	92	36

### 3.5 Samla funn:

Tryggleik, høflegheit/respekt, tilgjengelegheit og total tilfredsheit har svært høg del svar i beste kategori. Størst spreining ser vi på fysisk helse og sosial kontakt. Avtalar (26 % ikkje relevant) og ernæring (20 % ikkje relevant) har høgast del ikkje-relevante svar.

## 4. Teknologi i bruk

232 av 253 brukarar (92 %) nemner teknologi i bruk. Mest brukte løysingar er vist under.


Teknologi	Tal brukarar
<b>Tryggleiksalarm/alarm</b>	188
<b>BeKey/digital dørlås</b>	36
<b>Sjukehusseng (teknisk hjelpemiddel)</b>	21
<b>Robotstøvsugar</b>	14

## 5. Tenestetypar brukarane mottok

Dette kapittelet viser dei vanlegaste tenestene informantane oppgir at dei mottar. Helsehjelp/omsorg og praktisk bistand dominerer tenestebiletet. Tryggleiksalarm er utbreidd og framstår som ein sentral del av tenestetilbodet. Ei betydeleg gruppe mottar omsorgsbustad, matombringning og fysioterapi, medan langtidsopphald i institusjon og elektronisk dørlås ligg rundt 30 nemningar kvar.

Rang	Tenestetype	Tal brukarar/nemningar
1	Helsehjelp Omsorgstenesta	204
2	Praktisk Bistand Eigenomsorg	140
3	Tryggleiksalarm Servisteneste	139
4	Praktisk Bistand Daglege Gjeremål	84
5	Praktisk Bistand Reinhold	83
6	Omsorgsbustad	68
7	Matombringing Bistandsteneste	60
8	Fysioterapi	41
9	Institusjon Langtidsopphald	32
10	Elektronisk Dørlås	32



Figur 5.1: Dei 10 vanlegaste tenestetypene informantane mottar i 2025.



## 6. Anna hjelp og frivillige

Brukarane vart spurde om dei mottar anna hjelp i tillegg til kommunale tenester, og kva slags hjelp/tilbod dette eventuelt er. Svare viser at fleirtalet ikkje mottar slik tilleggshjelp, medan ein mindre del nyttar frivillige tilbod eller støtte frå familie/pårørande.

Frivillig aktør/tilbod / anna hjelp	Tal nemningar
Ingen/nei/benytta ikkje	113
Lev Vel	32
Aktivitetar på Kulatoppen	16
Familie/pårørande/ektefelle	14
Pensjonistlag/-foreining	12
Hjemmetenesta/heimesjukepleie	10
Røde Kors	9
Venner	6



Kort tolking:


Over hundre nemningar av «ingen/nei» viser at dei kommunale tenestene er hovudstøtta for dei fleste. Lev Vel er dei klart viktigaste frivillige aktørane, medan pensjonistlag og aktivitetar knytt til Kulatoppen òg er sentrale. Familie/pårørande og Røde Kors er viktige supplement. Fleire kommentarar tyder på behov for betre informasjon og matching av frivillige aktivitetar til den enkelte sitt funksjonsnivå og interesse.

## 7. Resultat fordelt på tenestegruppe

Brukarane er delte i institusjon, heimeteneste og HDO etter kolonnen «Opphald». Tabellen viser snitt per tema, og figuren under viser samanlikning per tenestegruppe.

### Tenestegruppe

Tema	Institusjon	Heimeteneste	HDO
Høflegheit og respekt	1,18	1,05	1,10
Tilgjengeligheit	1,37	1,01	1,14
Tryggleik	1,13	1,07	1,21
Tilfretsheit	1,21	1,05	1,21
Teknologi	1,00	1,12	1,03
Sjølv-hjelp	1,24	1,20	1,11
Avtaler	1,33	1,18	1,47
Ernæring	1,09	1,29	1,32
Utføring av hjelp	1,76	1,18	1,24
Psykisk helse	1,39	1,34	1,79
Sosial kontakt	1,24	1,59	1,07
Primær- kontakt koordinator	1,82	1,55	1,55
Fivillege/samf.koordinator	1,55	1,69	1,55
Anna hjelp	2,05	1,78	1,62
Fysisk helse	1,76	1,85	2,00



Figur 5: Snitt per tema fordelt på tenestegruppe.

Heimetenesta skårar jamt over svært positivt på tryggleik, respekt og tilfredsheit. Institusjon ligg noko høgare på primærkontakt/koordinator og utføring av hjelp. HDO-gruppa har størst utfordringar knytt til fysisk/psykisk helse og avtaler, men skårar godt på sosial kontakt og sjølv-hjelp.

## 8. Trendanalyse 2020–2023–2025

### 8.1 Innleiing

Trendanalysen byggjer på samanliknbare tema i brukarundersøkingane frå 2020 og 2023, samanhalde med funn frå 2025-undersøkinga. Målet er å identifisere stabile styrkar, utviklingstrekk og område der tenestene framleis bør forbetrast. Der talgrunnlaget ikkje er direkte samanliknbart (ulik spørsmålsformulering eller ulik presentasjon), er trend vurdert kvalitativt.

### 8.2 Hovudbiletet i utviklinga

Samla sett peikar trendane i retning av stabile svært sterke kjerneområde (tryggleik, respektfull behandling og total tilfredsheit), auka bruk av velferdsteknologi, positiv utvikling i sosial


kontakt/aktivitet, varig forbetningsområde rundt primærkontakt/koordinator og ei tenestemiks der teknologi har fått større plass i 2025.

### 8.3 Tema for tema – utviklingstrekk

Tryggleik og respekt ligg stabilt svært høgt gjennom perioden. Primærkontakt/koordinator viser gradvis betring, men er framleis eit tydeleg forbetningsområde. Sosial kontakt/aktivitet har positiv trend, men med større variasjon i oppleving. Teknologi har sterk vekst og er blitt standard del av tenestene. Frivillige tilbud har fått ein styrka rolle som supplement.


#### Figurar til trendkapittelet

Figur 8.1 viser nøkkelindikatorar frå 2020-undersøkinga. For intervall er midtpunkt brukt for illustrasjon.




Figur 8.1: Nøkkelindikatorar 2020 (prosent).

Figur 8.2 viser utvikling i teknologi frå 2020 til 2025. 2020-talet gjeld andel som svara «ikkje aktuelt/ingen mening» på teknologi, medan 2025-talet gjeld andel som brukar minst éi løysing.



Figur 8.2: Teknologi – utvikling 2020-2025 (prosent).



## 8.4 Samla trendtabell

Tema	2020	2023	2025	Trend
<b>Tryggleik</b>	Svært høg (96–98 %)	Svært høg	Svært høg	Stabil styrke
<b>Respekt/høflegheit</b>	Svært høg (92 %)	Svært høg	Svært høg	Stabil styrke
<b>Primærkontakt/koord</b>	Låg kjennskap (48 %)	Noko betre	Framleis forbetring	Svak positiv trend
<b>Sosial kontakt/aktivitet</b>	Moderat–god (64–73 %)	Betre enn 2020	God, men variasjon	Positiv trend
<b>Teknologi i bruk</b>	Mykje «ikkje aktuelt» (41 %)	Aukar	Svært høg (92 %)	Sterk positiv trend
<b>Frivillige tilbod</b>	Låg–moderat bruk	Aukar	Aukar vidare	Positiv trend

## 8.5 Konklusjon på trendane

Trendane frå 2020 til 2025 viser at omsorgstenestene i Kinn kommune held oppe eit stabilt høgt kvalitetsnivå på tryggleik, respekt og tilfredsheit. Utviklinga er særleg prega av større grad av teknologi, meir systematisk fokus på aktivitet og sosial deltaking, og auka innslag av frivillige tilbod. Samstundes er det framleis behov for å styrke primærkontakt/koordinator-ordninga og sikre at alle kjenner til den.

## 9. Samandrag av funn og vidare arbeid

### 9.1 Samla vurdering av kvalitet

Brukarundersøkinga hausten 2025 viser eit overordna bilete av høg kvalitet og høg tilfredsheit med omsorgstenestene i Kinn kommune. Dei fleste svara ligg i beste kategoriar, og brukarane opplever i stor grad tenestene som trygge, respektfulle og tilstrekkelege i kvardagen. 2025-resultata stadfestar dei sterke kjerneområda som også kjem fram i 2020 og 2023, samstundes som nye utviklingstrekk – særleg innan teknologi – blir tydelegare.

### 9.2 Viktigaste funn i 2025

- Tryggleik og respekt: Brukarane opplever tenestene som trygge og forutsigbare, og blir i stor grad møtte med høflegheit og respekt. Dette er stabile styrkar over tid.
- Primærkontakt/koordinator: Kjennskap til primærkontakt er framleis mindre tydeleg for brukarane enn dei andre kjerneindikatorane. Trenden er positiv, men vidare innsats er nødvendig.
- Sosial kontakt og aktivitet: Brukarane rapporterer i hovudsak god sosial kontakt, men med større variasjon enn for tryggleik/respekt. Utviklinga sidan 2020 er positiv.
- Teknologi: 92 % av informantane nemner minst éi teknologisk løysing. Tryggleiksalarm er mest brukt, etterfølgt av digitale dørlåsar/BeKey og andre velferdsteknologiar.
- Tenestemiks: Dei mest brukte tenestene er helsehjelp/omsorg, praktisk bistand og

tryggleiksteknologi. Matombringing og fysioterapi er viktige tillegg.

- Anna hjelp og frivillige: Brukarane mottar i varierende grad anna hjelp og frivillige tilbod. Lev Vel og Røde Kors er dei mest nemnde aktørane.
- Institusjon – heimeteneste – HDO: Der data skil tenesteform, viser resultatane høg tilfredsheit i alle grupper. Nokre tema er meir relevante i enkelte tenesteformer, noko som forklarar ein del «ikkje relevant»-svar.

### 9.3 Trendbilette 2020–2023–2025

Trendanalysen viser stabil høg kvalitet i tryggleik, respekt og total tilfredsheit gjennom heile perioden. Det er tydeleg positiv utvikling i sosial kontakt/aktivitet. Teknologi har hatt sterk vekst og er no standard for dei fleste brukarane. Primærkontakt/koordinator har betra seg noko, men er framleis eit konsistent forbettringsområde. Frivillige tilbod har styrka posisjonen sin som supplement til kommunale tenester.

### 9.4 Tilrådde vidare tiltak

- 1) Styrke primærkontakt/koordinator-ordninga:
  - sikre at alle brukarar og pårørande veit kven primærkontakt er, og kva rolla inneber.
  - vurdere faste rutinar for presentasjon og oppfølging i tenesteløpet.
- 2) Vidareutvikle sosial kontakt og aktivitet:
  - halde fram med målretta aktivitetstilbod i institusjon og heime.
  - særleg prioritere brukarar som rapporterer låg sosial deltaking.
- 3) Vidareføre og eventuelt utvide velferdsteknologi:
  - tryggleiksteknologi er normalt for brukarane og bør utviklast vidare.
  - sikre god opplæring og tilpassing til den enkelte.
- 4) Gjennomgå relevans/informasjon i tema med høg del «ikkje relevant»:
  - vurdere tilpassing av spørsmål i framtidige undersøkingar og/eller betre informasjon til brukarane.
- 5) Styrke samarbeidet med frivillige:
  - meir systematisk kartlegging av behov og ønskje om frivillig støtte.
  - vidareutvikle samarbeid med dei mest brukte aktørane.

### 9.5 Avslutning

Omsorgstenestene i Kinn kommune får svært gode brukarvurderingar i 2025, og utviklinga sidan 2020 er i hovudsak positiv. Kommunen har sterke fundament innan tryggleik, respekt og tilfredsheit. Samstundes peikar undersøkinga på få, men viktige, område for vidare kvalitetsutvikling: primærkontakt/koordinator, sosial deltaking, målretta teknologiutvikling og frivillig samarbeid.

## Vedlegg.

### Tema/spørsmål og utsagn nytta i brukarundersøkinga.

- 1) Anna hjelp - Hjelp frå familie/andre
- 2) Frivillege/ samfunnskoordinator – Har hjelp via frivillege/ samfunnskoordinator (lag og organisasjonar t.d. røde kors, eller enkeltarrangement)
- 3) Notat frivillege – Kven får/har du tilbod frå.
- 4) Fysisk helse – Korleis vurderer du di fysiske helse?
- 5) Psykisk helse – Korleis vurderer du di psykiske helse?
- 6) Tryggleik – Eg føler meg trygg der eg bur.
- 7) Utføring av hjelp – Eg er med på å bestemme korleis hjelpa skal utførast.
- 8) Sjølvhjelp - Eg utfører det eg klarer sjølv, og får støtte, informasjon og veiledning til det.
- 9) Ernæring - Eg får den hjelpa som er nødvendig for meg i høve måltid, drikke og god ernæring.
- 10) Avtaler – Eg får melding når det vert endring av avtaler.
- 11) Sosial kontakt – Eg har høve til aktivitet og sosial kontakt.
- 12) Høfligheit og respekt – Dei som hjelper meg er høflege og møter meg med respekt
- 13) Tilgjengelighet – Eg får kontakt med omsorgstenesta når eg trenger det.
- 14) Primærkontakt - Eg veit kven som er min primærkontakt/ koordinator.
- 15) Teknologi – Eg har tekniske løysingar som hjelper meg i kvardagen. (Tryggleiksalarm, robot støvsugar, elektronisk dosett, eletrisk døropnar etc.)
- 16) Teknologiske løysingar i bruk – Kva teknologi har du i bruk?
- 17) Tilfredshet – Alt i alt er eg fornøgd/ tilfreds med den hjelpa eg får.

### Døme på korleis ein skårar på dei ulke alternativa.

#### ANNA HJELP \*

Hjelp frå familie / andre

- Mykje hjelp frå familie/ andre      Noko hjelp frå familie/ andre      Ingen hjelp frå familie / andre

#### ERNÆRING \*

Eg får den hjelpa som er nødvendig for meg i høve måltid, drikke og god ernæring

- Enig      Delvis enig      Uenig      Ikkje relevant / ingen meining

#### NOTAT FRIVILLEGE M.V. \*

Kven får har du tilbod i frå?

Frivillegeittsentralen